

NÆRINFO HARDANGERBRUA

RV. 13/RV. 7 HARDANGERBRUA TILFØRSELSVEGAR OG TUNNELAR ULVIK, ULLENSVANG OG EIDFJORD KOMMUNAR

Arbeidet med tilførselsvegane og tunnelane er i gang

27. januar vart det skrive bruhistorie i Hardanger. Tre entreprenørar signerte sine respektive kontraktar med Statens vegvesen, og Hardangerbrua nærmar seg gjennomføringsfasen

Entreprenørane

Entreprenør AF Gruppen skal bygge tunnelar og tilførselsvegar. Dei som skal sørge for betongkonstruksjonane er Veidekke entreprenør A/S, og MT Højgaard har ansvar for stål og montasjearbeid. Alle tre er røynde firma, med lange og gode meritt-listar.

Arbeidsstart i Vallavik

AF Gruppen starta arbeida med tilførselsvegane og tunnelane 26. februar 2009. Anleggstarten vart markert med sprenging i forskjæringa av gangtunnelen i Vallavik i Ulvik Kommune.

AF Gruppen har kontrakt på dei første to hovudentreprisane i prosjektet. Den eine kontrakten omfattar bygging av tilførselsvegar og tunnelar på Vallaviksida, inklusiv opprusting av Vallaviktunnelen. Dette arbeidet har planlagt oppstart i tidsrommet september-oktober 2009 og vil føre til at Vallaviktunnelen vert stengt i ca. åtte veker. Info og annonsering skal sendast ut i god tid på førehand.

Vidare skal AF Gruppen også bygge tilførselsvegar og tunnelar på Bu-sida i Ullensvang kommune. På begge sider skal entreprenøren også sprengje ut gropene for tårnfundament, spreiekammer og forankringskammer for brukablane.

Sjølv om byggeaktiviteten vil vere mest konsentrert i starten, så vil AF Gruppen ha anleggsaktivitet fram til bruåpninga i 2013.

Vegstengingar i samband med arbeida

Ved vegstengingar vil det bli tatt omsyn til uttrykingskjøretøy, ferjeavgangar og rutegåande trafikk. Under sprengingsarbeid må ein – av omsyn til tryggleik for trafikantane – rekne med vegstengingar både på rv. 13 og på fv. 302 Vallavik-Djønno. Det vil verte annonsert og informert om dette etter gjeldande reglar.



Statens vegvesen



Prosjektleder:
Øivind L. Søvik
Telefon: 555 16 322



Senioringeniør:
Magne Mo
Telefon: 954 41 869



Byggeleder Bu-sida:
Knut B. Langeland
Telefon: 908 25 871



Byggeleder Vallavik-sida:
Bjarne Løne
Telefon: 950 86 772

Statens vegvesen Region vest er byggherre for prosjektet og er ansvarleg for gjennomføringa.

Prosjektleder: Øivind L. Søvik
Telefon: 555 16 322
E-post: oivind.sovik@vegvesen.no

Tilførselsvegar /tunnelar:
Senioringeniør Magne Mo tlf: 954 41 869
Byggeleder Bu-sida Knut B. Langeland tlf: 908 25 871
Byggeleder Vallaviksida Bjarne Løne tlf: 950 86 772
Kontrollingeniør Eivind Kolle
Kontrollingeniør Jostein Fjøsne
Entreprenør: AF Gruppen

Spørsmål om anleggsarbeida kan rettast til:
Senioringeniør Magne Mo tlf.: 954 41 869

FAKTA OM PROSJEKTET

Hengebru: Hovudspenn 1310 m
Total lengd 1380 m
Tunnel: Total lengde 2,4 km
T-8;5 tversnitt
Veger: Total lengde 0,8 km
Vegbreidde 7,5 m

Dimensjonerende fart 80 km/t.

Den økonomiske ramma for prosjektet er på 2.3 milliardar kroner, justert til 2009-verdi.
(dette samsvarar med den ramma som er gitt frå Stortinget på 1,7 milliarder kroner i 2004)

Anleggsperiode ca. 2007 - 2013



Du finn meir informasjon om dette prosjektet
på www.vegvesen.no
Link: www.vegvesen.no/hardangerbrua



Statens vegvesen